

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDS DIREKTIV 96/100/EF

av 17. februar 1997

om endring av vedlegget til direktiv 93/7/EØF om tilbakelevering av kulturgjenstander som er fjernet ulovlig fra en medlemsstats territorium(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 100 A,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽²⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 B i traktaten⁽³⁾, og

ut frå desse synsmåtane:

Etter ulike kunsttradisjonar i Fellesskapet vert akvarellar, gouachar og pastellar rekna anten som måleri eller teikningar. Kategori 4 i vedlegget til direktiv 93/7/EØF⁽⁴⁾ omfattar teikningar som fullt og heilt er framstilte for hand, utan omsyn til underlag og materiale, og kategori 3 omfattar bilete og måleri som fullt og heilt er framstilte for hand, utan omsyn til underlag og materiale. Verdtersklane som vert nytta for desse to kategoriane, er ulike. I den indre marknaden vil dette kunne føre til svært ulik handsaming av akvarellar, gouachar og pastellar, alt etter kva for ein medlemsstat dei er i. For gjennomføringa av dette direktivet må det avgjerast kva for ein kategori dei skal tilhøyre, slik at det kan sikrast at dei same verdtersklane vert nytta i heile Fellesskapet.

Røynslene syner at prisnivået for akvarellar, gouachar og pastellar jamt over er høgare enn for teikningar, og monaleg lågare enn for oljemåleri eller temperamåleri. Det er difor føremålstenleg å plassere akvarellar, gouachar og pastellar i ein ny eigen kategori med ein terskel på 30 000 ECU, for såleis å

sikre at viktige verk som er vortne fjerna ulovleg frå territoriet til ein medlemsstat, kan verte leverte tilbake –

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

I vedlegget til direktiv 93/7/EØF vert det gjort følgjande endringar:

1) I avsnitt A

a) skal nr. 3 lyde:

«3. Bilder og malerier som ikke inngår i kategori 3A eller 4, og som utelukkende er framstilt for hånd, uansett underlag og materiale⁽¹⁾.»,

b) skal nytt nr. 3A lyde:

«3A. Akvareller, gouacher og pasteller som utelukkende er framstilt for hånd, uansett underlag⁽¹⁾.»,

c) skal nr. 4 lyde:

«4. Mosaikker som ikke inngår i kategori 1 eller 2, og som utelukkende er framstilt for hånd, uansett materiale, og tegninger som utelukkende er framstilt for hånd, uansett underlag eller materiale⁽¹⁾.»

2) I avsnitt B vert følgjande kategori sett inn:

«30 000

– 3A (Akvareller, gouacher og pasteller).»

Artikkel 2

Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovne og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan seks månader etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 60 av 1.3.1997, s. 59, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 165/1999 av 26. november 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF nr. C 6 av 11.1.1996, s. 15.

(2) TEF nr. C 97 av 1.4.1996, s. 28.

(3) Europaparlamentsfråsegn av 21. mai 1996 (TEF nr. C 166 av 10.6.1996, s. 38), felles haldning frå Rådet av 8. juli 1996 (TEF nr. C 264 av 11.9.1996, s. 66) og europaparlamentsavgjerd av 13. november 1996 (TEF nr. C 362 av 2.12.1996). Rådavgjerd av 20. desember 1996.

(4) TEF nr. L 74 av 27.3.1993, s. 74.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

Artikkel 3

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 17. februar 1997.

For Europaparlamentet

J.M. GIL-ROBLES

President

For Rådet

G. ZALM

Formann
